

Kafe Tiaren - eit stort frivillig arbeid.

23.11.2016



F.v: Berit H. Døssland, Ester Mørstad, Arnhild Myklebust, Selma Eik og Sindre Gustavsen

30 personar utgjør den store gruppa som driv Kafe Tiaren året rundt i Uskedalen. I går kveld var alle inviterte til fest i Gamleskulen der styret i Uskedal utvikling fekk sagt fram ei stor takk for trufast arbeid i snart 10 år. Det vart kort sagt fram minneord om dei, som sidan oppstarten for 9 år sidan, er gått bort. Med snittar og kake frå Elins Matgleder, program med quiz og juleblom til alle, var kvelden vellukka på alle måtar.



F.v: Liv Hansen, Magni Musland, Marta Bakke og Inger Anne Leite.

For å drifta Kafe Tiaren trengst det ei fast gruppe på 24 personar, - for det meste damer, men med Sindre Gustavsensom den eine mannen til no. I tillegg kjem dei som står på vikarlista. Med grupper på tre frivillige kvar gong vert Kafe Tiaren drifta mest kvar tysdag året rundt. Besøkstalet er stabilt og det er tilstrøyming frå mange bygder i Kvinnherad.

Kafe Tiaren er på alle måtar eit vellukka tiltak i bygda. Det er ein viktig møteplass for fastbuande, tilreisande, utflytte bygdefolk på heimebesøk og andre gjester. Rekneskapet så langt i år syner eit overskot kring kr. 20.000,- Det er rett nok ein tilbakegang i høve til åra før, men då må ein ta med at betalt reinhald er rekna med i drifta. På samlinga vart det lagt opp til ei drøfting om korleis ein kan auka innteninga, anten med eit meir bevisst innkjøp eller ved auke i utsalsprisane. Om det vert ei justering, så vert det ikkje gjort noko før oppstarten i det nye året. Tysdag 13. desember er den siste opne kafeen i 2016. Det er viktig å sei frå om at ikkje alle kom med på bileta frå festen i går kveld. Det skal vi gjera betre ved eit anna høve.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



F.v: Ingunn Steinsletten, Sigrun Ersland, Gunnlaug Eik, Eli Roseth Eik, Olga Sunde og Aslaug Lyse.